

**Vedlegg: Utfyllande prosjekttale til søknad**

## SØKNAD OM MIDLAR TIL Å HA KUNSTOMVISNINGAR FOR PERSONAR MED DEMENS

### **KVA:**

KODE ønskjer å bety noko for enkeltmenneske i alle livets fasar. Ved å tilby gratis omvisingar for personar med demens håpar vi å bidra til at menneske i ein sårbar livsfase kan få meningsfulle opplevingar. Tilbodet er tenkt for heimebuande personar med demens saman med deira pårørande eller anna følgje. Omvisingane er spesielt tilrettelagt for deltakarane og gruppene er på maks 10 personar, inkludert følgje. Ein treng ingen forkunnskap for å delta. To erfarne omvisarar vil leggje til rette for ein hyggeleg og inkluderande samtale der alle kan delta med sine tankar og assosiasjonar omkring kunstverka. Besøket vil skje når museet er stengt for anna publikum, dette for å skjerme gruppa for støy og andre forstyrringar. Vi vil leggje til rette med sitteplassar til alle i forkant av besøket og utval av kunstverk vil sjåast i samanheng med praktiske omsyn. Omvisinga vil vare i ca. 1 time. Vi avsluttar besøket med ein uformell prat og ein kopp kaffi på museet, ca. 40 minutt.

Vi ønskjer også å tilby dei andre ansatte i formidlingsavdelinga og våre eksterne kursing og opplæring i ha omvisingar for personar med demens.




J. C. Dahl, *Skystudie*, udatert. KODE.

## BAKGRUNN:

Kunst og kultur har blitt løftet frem som ei kjelde til auka trivsel og betre livskvalitet i ei rekkje nasjonale helse- og kulturplanar og strategiar dei siste åra. I Noreg, som i mange andre land, har difor bruken av kunst og kultur i praksisfeltet i demensomsorgen vore aukande. Musikk, både som terapeutisk praksis og miljøtiltak, har fått spesielt fotfeste, medan den visuelle kunsten er via mindre merksemd.

I andre land, spesielt i Storbritannia og USA, er kunst og demens eit større felt både i praksis og forskning i museumsverda. Mange kunstinstitusjonar, spesielt i England, har jobba i fleire år med såkalla outreach-program. Inspirert av [Meet me, The MoMa Alzheimer's project](#) ved [Museum of Modern Art i New York](#) (MoMa) har spesialtilpassa museumsomvisingar hatt ei viss utbreiing også i Norge, blant anna gjennom prosjektet [Møte med minner](#). Gjennom Den Kulturelle Spaserstokken har KODE i nokre år hatt omvisingar for seniorar, men fram til våren 2016 hadde vi ikkje tilbod retta mot menneske med demens. Hausten 2015 vart KODE kontakta av Verdighetscenteret i Bergen (Eli Lea) , Høgskolen Betanien, i dag VID vitenskapelig høyskole (Oddgeir Synnes) og Kompetansesenteret for demens, angående ei studie med problemstillinga: *Hvordan opplever hjemmeboende med demens å delta på en tilretteladt kunstintervensjon?* Den overordna målsettinga med denne pilotstudien var å utvikle, gjennomføre og evaluere ei galleribasert intervensjon for heimebuande med demens ved KODE, med utgangspunkt i metodikken utvikla ved MoMa. I løpet av våren 2016 fekk 4 prosjektgrupper (ca. 10 stk pr. gang inkludert pårørande) tilbod om omvising i Rasmus Meyers Samlinger, KODE3. Omvisarar var ei av museets eksterne formidlarar, Siri Breistein, som hadde lese seg opp på dette feltet. Deltakarane vart intervjuar rett etter omvisinga og tilbakemeldingane var svært positive. KODE ynskjer å følge opp dette og har no i haust (2016) tilbod om omvisingar for denne publikumsgruppa ein gong i månaden. I dette prosjekt ønskjer vi å ta utgangspunkt i metodikken utvikla ved MoMa, bruke erfaringane får pilotprosjektet og tilpasse den til å tilby ulike temabaserte demensomvisingar på KODE.




Edvard Munch, *Ved dødssengen*, 1895. KODE

## MÅL:

Kvifor skal vi gjere dette? Målet er å bekjempe isolasjon og depresjon og kunne inkludere og bygge tillit til publikumsgrupper som museet har vanskelig for å nå ut til med sitt ordinære tilbod. Museet har ei plikt til å skape rammer som potensielt skal inkludere alle i samfunnet. Vi ynskjer at også menneske i ei sårbar livsfase skal føle seg velkomne på museet. Innafor trygge fysiske og psykososiale rammer vert deltakarane utfordra i møte med kunstverka til samtale, og å lære nye ting. Vi ynskjer å ha meistringsopplevingar i fokus. Vi ønskjer å ha som mål å utfordre deltakarane og dei pårørande sine tankar om kva som er mogleg, og kva dei framleis kan få til og bli med på. Vi ønskjer at dette tilbodet kan vere ei god fellesoppleving for både den demente og deira pårørande.

Med bakgrunn i forskning om at kultur gir god helse er det særleg viktig at kultursektoren bidreg. Vi håper at dette prosjektet kan bidra til at fylket vert eit meir demensvennleg fylke der KODE kan gå føre som ein demensvennleg kulturaktør i Hordaland.



Nikolai Astrup, *Vårnatt i hagen*, 1909. KODE

